

Bruk konserten!

Elevar som arrangørar

ETTER EIN IDE AV MUSIKK I SKOLEN OG RIKSKONSERTANE

Fag: Musikk, elevrådsarbeid, tverrfagleg arbeid

Emne: Arrangørkunnskap, gjennomføringskompetanse

Målgruppe: 8. – 10. årssteg

Tidsramme: Om lag 2-3 timer pr. konsert

Ressursar: Konsertinformasjonen

MÅL I LK06

Skulen (...) skal stimulere elevane (...) i personleg utvikling og i styrking av eigen identitet, i det å utvikle etisk, sosial og kulturell kompetanse og evne til demokratiforståing og demokratisk deltaking (læringsplakaten). Eleven skal kunne kartlegge, gjennomføre og vurdere konkrete tiltak for å skape eit inkluderande og læringsfremjande miljø (elevrådsarbeid 10. årssteg).

Samarbeid med profesjonelle musikarar og kunstnarar og samarbeid mellom grunnskule og kulturskule gjer det mogleg å møte kunstuttrykk av høg kvalitet og gjev elevane høve til å vere medskapande i arbeids- og formidlingsprosessen (musikk, føremål med faget).

I løpet av eit skuleår får skulane besøk av to skulekonsertar. I tillegg kjem produksjonar frå andre kunstuttrykk i Den kulturelle skulesekken (DKS) og arrangementa skulen sjølv utarbeider og gjennomfører. Ved å oppnemne ei elevarrangørgruppe eller gruppe av kulturvertar, kan ein legge til rette for den gode konsertopplevinga og lære å verte dyktige konsertarrangørar.

Framgangsmåte: Kvar skule har som regel ein eller to kulturkontaktar som har eit gjennomføringsansvar for tilboda frå Den kulturelle skulesekken. Kulturkontakten kan samarbeid med andre lærarar ta ansvar for å danne ei arrangørgruppe som består av elevar. Sett saman ei fungerande gruppe, gjerne på tvers av klasse- og alderssteg. Kulturkontakten rettleiar og held møte med arrangørgruppa.

Konsertinformasjonen som vert distribuert til skulen gjennom portalen KSYS, kan verte vidareformidla til arrangørgruppa og danne eit utgangspunkt for arrangørarbeidet i framkant av kvar konsert. På KSYS finn ein tekniske behov, rigging og spesifikasjonar for tilrettelegging av konserten. Einskilde oppgåver kan ein delegera vidare til andre elevar,

men det er elevarrangørgruppa med kulturkontakten som står ansvarleg for gjennomføringa av arrangementet.

Oppgåver som vanlegvis fylgjer med konsertarrangering er:

- Lage PR, plakatar, reklamere for konserten på intranett, lærarrom og eventuelt i lokalpresse og lokalradio.
- Klargjere lokalet før musikarane/utøvarane kjem, setje fram stolar, syte for blending (i samarbeid med vaktmeister), finne straumuttak.
- Lage skilt til toalett, garderobe osb.
- Ta i mot musikarane/utøvarane.
- Vere bere- og riggehjelp for musikarane.
- Servere kaffi, te og vatn til musikarane.
- Ynskje velkommen før konserten (vert/vertinne).
- Rydde lokalet etter konserten.
- Fylle ut evalueringsskjema for konserten saman med kulturkontakten.

På www.elevversomarrangerer.no finn de meir detaljert informasjon om Elevar som arrangørar og hugselister for konsertarrangeringa, eller bestille boka "Bruk konserten!" som dette opplegget er henta frå.

Tips til vidareføring: Delar av elevarrangørgruppa kan bruke andre opplegg frå boka "Bruk konserten!" i tillegg i samband med konsertbesøket, td. "Reklame" og "Konsertmelding", høvesvis som PR-arbeid og evaluering av konserten.

Kvifor:

- Elevane lærer seg å planlegge, legge til rette og samarbeid. Dette er også viktig kunnskap i andre undervisningssamanhangar.
- Elevane får eit aktivt forhold til den kulturelle aktiviteten på skulen og blir ambassadørar for konsertane.

**Boka "Bruk konserten!" kan bestillast frå: Rikskonsertane, PB 4262 Nydalen, 0401 Oslo, eller pr. telefon til 22 02 59 00.
ISBN 978-82-91007-23-6**